



UKM 02/17 Orienteringssaker

Det blei orientert munnleg om desse sakene:

1. Arbeidet med «Ung i kyrkja» i Kyrkjerådet og Utval for ungdomsspørsmål (Ufung).

Leiar for Utval for ungdomsspørsmål, Anja Kile Holtermann, orienterte om arbeidet med Ung i kyrkja i regi av dei sentralkyrkjelege råda sidan førre Ungdommens kyrkjemøte.

2. Rapport frå UKM-delegatane som tok del på Kyrkjemøtet 2017.

Orienteringa blei gitt av Anja Kile Holtermann, Olav Brennsæter og Nora Antonsen. Ann Helén Leithaug som óg var delegat på Kyrkemøtet 17 deltok ikkje på UKM 17.

3. Rapport frå generalforsamlinga i Det Lutherske verdsforbund

May Bente Anita Jønsson deltok i Den norske kyrkja sin delegasjon på møtet i Namibia og orienterte frå turen.

4. Rapport frå arbeidet i ungdomsråda og ungdomstinga i bispedømme, og frå organisasjonane.

Delegatane frå kvart bispedømme og kvar organisasjon presenterte arbeidet i bispedømmet/organisasjonen. Orienteringa hadde fokus på: Korleis har vi følgd opp sakane får UKM 16 hos oss? Kva har vært hovudfokus i arbeidet siste år?